

MELAND KOMMUNE

27 JUNI 2019



Kartverket

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Jnr. \_\_\_\_\_ Saksh. \_\_\_\_\_  
Ark. \_\_\_\_\_ Ark.del \_\_\_\_\_  
Saksid. \_\_\_\_\_

Dykkar ref.:

Vår ref. 14633592

Dato:

Sak/dok.: 19/30940-1

25.06.2019

Ark.: 346

## Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 22 bnr. 218 og 230 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande erklæring og erklæring om konsesjonsfridom de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

#### Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

I følgje Brønnøysundregisteret er det styrets leiar og eit styremedlem som saman teiknar selskapet. Vi ber derfor om at eit styremedlem og signerer i punkt 6 på erklæringa. Viss styrets leiar skal signere aleine må det bli vedlagt ei fullmakt. Dette følgjer av tinglysingslova § 13.

Vi gjer oppmerksom på at ei fullmakt da må bli signert av styrets leiar og eit styremedlem, sjølv om det det er styrets leiar som signerer.

Bruker de fullmakt, er hovudregelen at ho skal leggjast fram i original. Legg de likevel fram ein kopi, krev vi at ein advokat/advokatfullmektig eller ein eigedomsmeklar/eigedomsmeklarfullmektig stadfestar at det er ein rett kopi, og samtidig erklærer at fullmakta gjaldt då dokumentet som skal tinglysast vart signert. Kravet følgjer av tinglysingsforskriften § 7 andre ledd. Erklæringa må være datert. Om tilbakekalling av fullmakter viser vi til avtaleloven § 16.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

#### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no).  
Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen  
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.